

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 07.07.2023
SAKSHANDSAMAR: Ola Jøsendal og Carina P Mæland
SAKA GJELD: **Drøfting av nasjonal og regional plan, sikkerhetspsykiatri**

ARKIVSAK: 2020/660
STYRESAK: **086/23**

STYREMØTE: **06.09.2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret ber administrerende direktør revidere den regionale tiltaksplanen for sikkerhetspsykiatri slik at tiltaka er i tråd med tiltaka i 'Overordna plan for sikkerhetspsykiatri'. Dei lokale helseføretaka må etter dette revidere sine tiltaksplanar samt budsjett og tidsplan for gjennomføring.

Oppsummering

Det ligg føre ein nyleg vedteken interregional 'Overordnet plan for sikkerhetspsykiatri', og ein 'Regional handlingsplan for sikkerhetspsykiatri' frå mars 2021. Den interregionale planen er er meir omfattande enn den regionale planen, men retningen på dei tiltaka som er foreslått i begge planar er samanfallande. Tiltak som ikkje er foreslått i regional plan, men i den interregionale planen, er til dels sett i verk og er under planlegging i dei fire lokale helseføretaka.

Styret ber administrasjonen revidere den regionale tiltaksplanen for sikkerhetspsykiatri slik at tiltaka i 'Overordna plan for sikkerhetspsykiatri' og i den regionale tiltaksplanen blir samanfallande. Dei lokale helseføretaka må fylgjeleg revidere sine tiltaksplanar inkludert budsjett og tidsplan.

Fakta

Regional handlingsplan for sikkerhetspsykiatri blei vedteken i styremøte i mars 2021, styresak 021/21. Handlingsplanen bygger på rapporten 'Sikkerhetspsykiatri i Helse Vest' frå 1. februar 2020. Handlingsplanen er i ferd med å bli gjennomført.

Oppdragsdokumentet 2022 frå HOD gav dei fire regionale helseføretaka slikt oppdrag innan sikkerhetspsykiatri og øvrige tiltak for dømte til tvungent psykisk helsevern:

De regionale helseføretakene skal utarbeide en overordnet plan for sikkerhetspsykiatrien og øvrige tiltak for dømte til tvungent psykisk helsevern, jf. statusrapport om sikkerhetspsykiatri og rapport om utskrivningsklare pasienter i sikkerhetspsykiatrien. Det skal særlig vurderes:

- behovene for endring i kapasitet, innhold, organisering og sammenheng i tjenestetilbudet
- behovet for langvarig forsterkede botilbud i samarbeid med kommunene og om det kan være hensiktsmessig å etablere tverrfaglige ambulante team for å ivareta personer som utgjør en sikkerhetsrisiko
- videreutvikling av samarbeidsavtaler med kommunene, styringsdata og retningslinjer, jf. nevnte rapporter fra de regionale helseføretakene

Helse Sør-Øst RHF skal lede arbeidet

'Overordnet plan for sikkerhetspsykiatri' er dei fire regionale helseføretaka sitt svar på oppdraget.

'Overordnet plan for sikkerhetspsykiatri' skal handsamast i styremøte i dei fire RHF-a hausten 2023. Helse Vest skal ha saka opp i styremøtet 6. september 2023. I samband med at 'Overordnet plan for sikkerhetspsykiatri' er på sakskartet til styremøtet i september, er det tenleg at ein drøfter overlapp mellom og skilnadar mellom den regionale planen som er under iverksetting, og 'Overordnet plan for sikkerhetspsykiatri'.

Den regionale handlingsplanen for sikkerhetspsykiatrien inneheld sju tiltak internt i regionen, og fire tiltak nasjonalt / interregionalt:

Tiltak internt i regionen:

- Styrking av lokal sikkerhetsavdeling (LSA) til minst 5/100 000 innbyggjarar
- Status for og risikovurdering av bemanning og kapasitet
- Gjennom helseføretaka planlegge og realisere gode pasientforløp

- Utvide skjermingskapasiteten ved Regional sikkerhetsavdeling frå to til fire plassar
- Opprette og/eller vidare utvikle poliklinisk og ambulant oppfølging
- Sikre at tilsette har forsvarleg og tilstrekkeleg kompetanse
- Sikre at dimensjonering av LSA er tilstrekkeleg inkludert rehabiliteringsplassar

Tiltak nasjonalt/interregionalt:

- Initiativ til interregional revisjon av nasjonal fageining
- Initiativ til utgreiing av nasjonal eining for handsaming av særleg farlege pasientar
- Initiativ for å opprette ei sikkerhetspsykiatrisk eining for born mellom 15 og 18 år, i Bergen
- Initiativ overfor departementene, med tanke på naudsynt endring eller tilpassing av lovverk

Etter at planen blei vedtatt har det vore tilført øyremerka midlar og det har vore arbeidd godt i helseføretaka i regionen med gjennomføring av tiltaka. Status per no er beskrivne i dei vedlagte tabellane 1-9.

‘Overordna plan for sikkerhetspsykiatrien’ identifiserer fem innsatsområder:

1. Etablere et helhetlig sikkerhetspsykiatrisk pasientforløp i spesialisthelsetjenesten, og mellom spesialisthelsetjenesten og kommunene, med fokus på god behandling av den psykiske lidelsen og ivaretagelse av samfunnsvern.
2. Styrke samarbeidet mellom spesialisthelsetjenesten og kommunene, gjennom felles utarbeidelse av rutiner og avtaler som regulerer samhandling rundt den aktuelle pasientgruppen.
3. Dimensjonere døgntilbudet i det psykiske helsevernet generelt og antall døgnplasser for det sikkerhetspsykiatriske tjenestetilbudet spesielt, for å møte behovet. Kapasitetsbehovet i revidert framskrivningsmodell legges til grunn.
4. Sikre kompetanse og høy faglig standard i behandling i det sikkerhetspsykiatriske tjenestetilbudet.
5. Redusere uønsket variasjon og sikre et likeverdig tjenestetilbud i hele landet.

I rapporten blir dei fem innsatsområdene drøfta, og det blir lagt fram forslag om 37 tiltak. Dei 37 tiltaka er tematisk inndelt i ni tema:

- Organisering og samanheng i tenestetilbudet (5 tiltak)
- Samhandling og retningslinjer (5 tiltak)
- Innhald i behandlinga (7 tiltak)
- Kapasitet (2 tiltak)
- Nasjonale og regionale funksjonar, oppgåver og rutiner (7 tiltak)
- Kompetanse (5 tiltak)
- Undervisning, forskning og fagutvikling (3 tiltak)
- Bygningsmessige tilhøve (1 tiltak)
- Øvrige rammebetingelsar (2 tiltak)

Dei vedlagte tabellane 1 – 9 er ei samstilling av forslaga som ligg føre i ‘Overordnet plan for sikkerhetspsykiatrien’ (forslag om 37 tiltak), sett opp mot status for tiltaka regionalt. Tabellane er grunnlaget for drøftinga av vidare arbeid med sikkerhetspsykiatri i Helse Vest.

Drøfting

Den regionale tiltaksplanen er i ferd med å bli gjennomført. Som det går fram av tabell 1 – 9 i vedlegget er forslaget til tiltak i den nasjonale planen meir omfattande enn dei tiltaka som blei foreslått i den regionale planen. Det går allikevel fram av tabellane, at dei fire lokale

helseføretaka også har sett i verk eller planlegg mange av dei tiltaka som ikkje er foreslått i regional plan, men i den nasjonale planen. Dette er sjølvsagt positivt.

Den nasjonale planen har omhandla grundigare enn den regionale planen i hovudsak på tre områder:

- Samarbeid med kommunar og pårørande
- Tiltak på nasjonalt nivå
- Forsking og arbeid med register

Det er allikevel slik at retningen på dei tiltak som er foreslått både i regional og nasjonal plan er samanfallande. Dette kjem godt til syne ved at tiltak som ikkje er foreslått i regional plan, men i nasjonal plan, allereie er planlagt eller sett i verk i helseføretaka.

Under føresetnad av at styret slutter seg til 'Overordna plan for sikkerhetspsykiatri', tilrår administrerande direktør at 'Regional plan for sikkerhetspsykiatri' med tiltaksplan blir revidert slik at tiltaka i dei to planane er samanfallande. I neste omgang fører det til at dei fire lokale helseføretaka må revidere sine tiltaksplanar inkludert budsjett og tidsplan for gjennomføring.

Konklusjon

Styret ber administrerande direktør revidere den regionale tiltaksplanen for sikkerhetspsykiatri slik at tiltaka er i tråd med tiltaka i 'Overordna plan for sikkerhetspsykiatri'. Dei lokale helseføretaka må etter dette revidere sine tiltaksplanar samt budsjett og tidsplan for gjennomføring.

Vedlegg

Tabellar - Sikkerhetspsykiatri